

KS-024/11 VEDTAK:

1. Ordføraren si godtgjering vert sett lik stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjeringa vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjeringa gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.
2. Ved fråtreiding får ordføraren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt. Dersom ordføraren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.
3. Ordføraren skal innmeldast i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarande HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld ”ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring”.
4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.
5. Godtgjeringa vert gjort gjeldande f.o.m. ny valperiode, dvs. 1. november 2011.
6. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 10% av ordførar si godtgjersle. Godtgjeringa gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.